

Plan for diakoni i Kviteseid sokn

Innleiing

Plan for diakoni i Den norske kyrkje (gjeldande frå 2008) presenterer denne definisjonen av kyrkjelag diakoni: “*Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.*”

Lokal diakoniplan for Kviteseid vart sist revidert i 2017. Nasjonal plan for diakoni i Den norske kyrkje kom i revidert utgåve i 2020. På bakgrunn av denne, har diakoniutvalet i samarbeid med prostidiakonen foreslått ein ny revidert utgåve av lokal diakoniplan med utgangspunkt i dei fire arbeidsområda som er framheva.

Visjon: Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.

NESTEKJÆRLEIK

Tiltak	Besøksteneste
Målsetting	Tilby eit medmenneske å vere saman med jamleg. Gjere kjent tilbodet gjennom heimesjukepleie, institusjonane og allment i kyrkjeblad og på helgestasjon.
Tid for gjennomføring	Faste besøk gjennom heile året. Besøksven avtalar med den som får besøk.
Tid for evaluering	Halvårleg samling med diakon og besøksvener.
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Frivillige under oppfølging og vegleiing av diakonen.
Samarbeid med	Heimetenesta er med og gjer tilbodet kjent.
Ansvarleg	Leiar av diakoniutvalet administrerer, diakon Eilev Erikstein er fagleg ansvarleg.

Tiltak	Diakonisundag
Målsetting	Setje diakoni i fokus i gudstenesta for heile kyrkjelyden.
Tid for gjennomføring	Årleg i januar I tillegg har Kviteseid kvart 5. år ansvar for Diakonisamling i Vest-Telemark.
Tid for evaluering	Første diakoniutvalsmøte etter gudstenesta
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Diakon, prest, diakoniutval, organist
Samarbeid med	Andre ved særskilte tema
Ansvarleg	Sokneprest i samarbeid med diakon og diakoniutval

Tiltak	Godhetsveka
Målsetting	Tilby praktiske tenester som gjer ein stor skilnad for folk i lokalsamfunnet. Styrke det tverrkirkjelige samarbeidet i kommunen og knytt folk saman.

Tid for gjennomføring	Første heile veka i mai
Tid for evaluering	Etter gjennomført veke
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Frivillige og tilsette Eige rekneskap og noko utstyr
Samarbeid med	Fredheim, Betel og Misjonshuset
Ansvarleg	Frå kyrkja si side: Kyrkja sin representant i felles komité for godhetsveka. Utnemnd av soknerådet. For tiden: Kristen Salmelid

Tiltak	Sjelesorg
Målsetting	Einskildpersonar som bed om samtale med diakon eller prest, skal møtast med omsorg i fortrulege ein-til-ein-samtalar. Dei skal bli lytta til med omsorg for heile menneske – tankar, følelsar, ånd og kropp. Kyrkja skal vere del av beredskapen i kommunen og vere del av samtaletilbod i kriser.
Tid for gjennomføring	Sjelesorgsamtalar vert følgd opp fortløpende ved førespurnad. Halvårlege samlingar med psykososialt kriseteam i kommunen. Kristeteamet trer i kraft når ein i teamet får vert kontakta om ei akutt hending der fleire av oss trengst.
Tid for evaluering	Kriseteamet har debriefing etter kvar hending dei er involvert i.
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Prest og diakon
Samarbeid med	Kviteseid kommune
Ansvarleg	Prest og diakon

Tiltak	Open kyrkje
Målsetting	Kyrkja skal vere open for dei som ynskjer å komme inn i bygda sitt eige heilage rom. Det skal vere ein plass for stille, etertanke, bøn og lystenning som ei hjelp til å leve vidare med sorg.
Tid for gjennomføring	Helgemesse
Tid for evaluering	Diakoniutvalsmøtet etter helgemesse
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Frivillige frå diakoniutval eller kyrkjelydsutval i dei ulike bygdene. Prest
Samarbeid med	Prostidiakonen – felles annonsering
Ansvarleg	Soknepresten

Tiltak	Kirkens SOS
---------------	-------------

Målsetting	Holde fram Kirkens SOS si teneste for dei som treng nokon å snakke med. og for dei som har tid til å lytte til medmenneske i krise. Fleire skal bli kursa og få samtalekompetanse gjennom Kirkens SOS.
Tid for gjennomføring	Heile året, heile døgnet.
Tid for evaluering	Årleg
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Frivillige, ressursane til Kirkens SOS
Samarbeid med	Kirkens SOS i Telemark
Ansvarleg	Prostidiakon

Tiltak	Forbedarteneste for konfirmantane
Målsetting	Alle konfirmantane skal ha nokon som har særleg omsorg for dei i bøn det året dei er konfirmantar. Dette er ei oppfølging av kyrkjelyden sitt ansvar for dei døypte. Forbedartenesta skal få fram nestekjærleiken mellom dei unge og eldre i kyrkjelyden.
Tid for gjennomføring	Konfirmantane vert fordelt på forbedarar etter haustferien.
Tid for evaluering	Når forbedarar vert spurt på, hører presten med dei om dei har tankar eller innspel sidan sist.
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Frivillige frå dei ulike bygdene som kan tenke seg ei bøneteneste. Presten, trusopplæraren
Samarbeid med	
Ansvarleg	Soknepresten

Tiltak	Kyrkjeskyss
Målsetting	Dei som treng det skal få tilbod om å bli henta med bil til gudstenester og andre fellessamlingar som kyrkja arrangerer.
Tid for gjennomføring	Etter førespurnad eller fast avtale med einskildpersonar
Tid for evaluering	Årleg i diakoniutval
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Frivillige sjåførar, diakoniutval og kyrkjekontoret
Samarbeid med	Midtsundtoppen, KOS, Lundenjordet om å gjere kjent tilbodet
Ansvarleg	Leiar for diakoniutvalet

Tiltak	Blomehelsingar
Målsetting	Kyrkja skal gjere stas på eldre kyrkjemedlemmer når dei fyller 80 år og vidare kvart femte år med blomehelsing eller anna gavle levert på døra og

	besøk ved behov. I Fjågesund og Kilen får alle over 75 år blomar til jul.
Tid for gjennomføring	Årsdagar gjennom heile året.
Tid for evaluering	Årleg
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Diakoniutval og kyrkjelydsutval, andre frivillige som kan gå i besøk. Soknerådet har konto på blomsterbua.
Samarbeid med	Kyrkjelydsutval etter behov. Blomsterbua har kort frå Kviteseid sokn. Kviteseid sokn ved kyrkjeverja tek rekninga.
Ansvarleg	Diakoniutvalet

VARME FELLESSKAP

Tiltak	Kyrkjekaffi
Målsetting	Skape ein arena for gode møter mellom kyrkjemedlemmene.
Tid for gjennomføring	Dei ulike kyrkjelydsutvala bestemmer kor ofte dei vil ha kyrkjekaffi etter gudstenesta.
Tid for evaluering	Årleg
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Kyrkjelydsutvala og andre frivillige. Kyrkjekaffien er oftast i kyrkjerommet eller utandørs. I Brunkeberg vurderer ein om kyrkjekaffien skal vere oppe i kyrkja eller nede i kyrkjestova. I Kjellaren er det utstyr. I Vrådal og Kviteseid kyrkjer er det plastkassar med eingongsutstyr til krykjekaffi.
Samarbeid med	prest
Ansvarleg	Leiar av kyrkjelydsutvala
Tiltak	Brev med invitasjon til helgemesse
Målsetting	Invitasjon til helgemesse og utvida kyrkjekaffi med invitasjon til samtaletilbod/sorggruppe. Vise særleg omsorg for dei som har mista nokon siste året.
Tid for gjennomføring	Brevet skal komme fram tidleg i november gjennom posten.
Tid for evaluering	Påfølgende diakoniutvalsmøte
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Diakoniutval, diakon og prest, sekretær
Samarbeid med	
Ansvarleg	Leiar av diakoniutvalet

Tiltak	Helgemesse
Målsetting	Messe med lystenning og tid for ettertanke. Kyrkjekaffi på Misjonshuset med god mat og musikk. Gje omsorg for alle som lever med sorg, gje håp og styrke fellesskapet i kyrkjelyden. Gjere kjent tilbod om sorggruppe og samtale med diakon eller prest.
Tid for gjennomføring	Helgemesse-sundag første helga i november.
Tid for evaluering	Påfølgende diakoniutvalsmøte med diakon og prest.
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Diakoniutval, prest, diakon, organist, dei som har opplevd sorg.
Samarbeid med	
Ansvarleg	Sokneprest, diakon og diakoniutval
Tiltak	Adventskonsert for eldre i kyrkja
Målsetting	Skape god jolestemning og gje næring til tru gjennom musikk og ord. Skape ein god fellesskapsoppleveling i kyrkja omkring eit godt måltid.
Tid for gjennomføring	Tidleg i advent.
Tid for evaluering	Påfølgende diakoniutvalsmøte
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Kyrkja, organist, songarar og musikarar, prest, arbeidsgruppe av frivillige som serverer mat. Kyrkjetenarar rigger og rydder.
Samarbeid med	Organisten knytter til seg songarar og musikarar
Ansvarleg	Leiar av diakoniutval i samarbeid med organist
Tiltak	Føremiddagstreff
Målsetting	Sosialt samvær for eldre med mat, andakt, sang og utlodning.
Tid for gjennomføring	Åtte onsdagar årleg
Tid for evaluering	Fortløpande på diakoniutvalsmøter
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Arbeidsgruppe for føremiddagstreff
Samarbeid med	Prest, organist, Midtsundtoppen, Lundenjordet, KOS
Ansvarleg	Leiar for diakoniutvalet
Tiltak	Soknebod
Målsetting	Alle som ynskjer å ta imot nattverd, men ikkje sjølv kan komme til kyrkja, skal få tilbod om nattverd heime med besøk av prest eller diakon. Dei skal få del i den heilage nattverden og kjenne at dei høyrer til kyrkjelyden sjølv om dei ikkje kan møta det store gudstenestefellesskapet.
Tid for gjennomføring	Etter førespurnad frå dei sjølve, familie, evt. i samarbeid med tilsette på institusjon.

Tid for evaluering	Fortløpende og i årlege møter med KOS
Ressursar (penger/lokaler/mennesk er)	Diakoniutvalet, besøkstenesta, alle kyrkjegjengrar som kan gjere tilbodet kjent og gje tips om nokon som kan ha ynskje om nattverd.
Samarbeid med	KOS
Ansvarleg	Sokneprest og diakon
Tiltak	Småbarnstreff
Målsetting	Skape ei god fellesskapsoppleveling for alle småbarnsforeldre og småbarn rundt babysang og eit måltid.
Tid for gjennomføring	Kvar 14. dag
Tid for evaluering	Årleg
Ressursar (penger/lokaler/mennesk er)	Sokneprest, frivillige, trusopplærar
Samarbeid med	Lån av misjonshuset
Ansvarleg	For tida: sokneprest
Tiltak	Gullkonfirmantfest
Målsetting	Markere at det har gått 50/51 år sidan konfirmasjonen med gudsteneste, eit godt måltid og hyggeleg samvær. Underhaldning/tale i regi av gullkonfirmantane sjølve. Deling av nyttig informasjon frå kyrkja
Tid for gjennomføring	Annankvart år, oddetalsår
Tid for evaluering	Første diakoniutvalsmøte i etterkant av arrangement
Ressursar (penger/lokaler/mennesk er)	To utvalde frå kulla av gullkonfirmantar, sokneprest, diakoniutval, frivillige. Lokale: kyrkja og misjonshuset
Samarbeid med	
Ansvarleg	Komit� oppretta av sokner�det
Tiltak	Inistitusjonsandakt p� KOS
Målsetting	Bebuarane p� KOS skal f� eit m�te med kyrkja gjennom bes�k av prest og organist. Dei skal f� ein andakt omkring Guds ord, synge kjente salmar, be Faderv�r saman og ta imot velsigninga. Ein gong i halv�ret held vi enkel nattverdgudsteneste.
Tid for gjennomf�ring	M�nadleg utanom sommarferien
Tid for evaluering	Årleg mellom prest og organist, �rleg m�te med KOS
Ressursar (penger/lokaler/mennesk er)	Prest, organist, elektrisk piano p� KOS, nattverdutstyr p� KOS. Prest tek med vin og br�d fr� kyrkja.
Samarbeid med	Fredheim om felles andaktsplakat for halv�ret til KOS

Ansvarleg	Soknepresten
Tiltak	Strikkekafé/aktivitetstilbod for bebuarar på KOS
Målsetting	Skape ei god fellesskapsoppleveling for bebuarane på KOS rundt strikking og kaffe/te/kald drikke/frukt/kjeks.
Tid for gjennomføring	Ein gong i månaden, torsdag kl. 10-12
Tid for evaluering	Årleg
Ressursar (penger/lokaler/mennesk er)	Strikkeinteresserte i og utanfor diakoniutvalet, bebuarane på KOS, lokale på KOS
Samarbeid med	KOS
Ansvarleg	Leiar for diakoniutval
Tiltak	Besøk på Midtsundtoppen med mat
Målsetting	Sosialt samvær med bebuarane på Midtsundtoppen med andakt, musikk og allsong, kaffe, smørbrød og kake og tid til prat
Tid for gjennomføring	Månadleg, DU deltek og står for mat annakvar månad
Tid for evaluering	Påfølgjande diakoniutvalsmøte
Ressursar (penger/lokaler/mennesk er)	Diakoniutvalet saman med prest og organist Utgifter til mat kan dekkast av soknerådet.
Samarbeid med	Leiar på Midtsundtoppen
Ansvarleg	Leiar av diakoniutval og prest
Tiltak	Vårfest og førjolsfest med Lundenjordet
Målsetting	Sosialt samvær på Misjonshuset med bebuarane på Lundenjordet med mykje musikk og song, andakt, nisse på førjolsfesten, smørbrød og kake og tid til prat.
Tid for gjennomføring	Mai/juni, tidleg i desember
Tid for evaluering	Påfølgjande diakoniutvalsmøte
Ressursar (penger/lokaler/mennesk er)	Diakoniutvalet, prest og prostidiakon, musikarar Kjell Lindheim og Øyvind Jørgensen, personalet på Lundenjordet Utgifter til mat kan dekkast av soknerådet.
Samarbeid med	Leiar på Lundenjordet
Ansvarleg	Leiar av diakoniutval
Tiltak	sorggruppe
Målsetting	Menneske som lever med sorg skal få samtale med andre som har opplevd sorg som ei hjelp til å leve vidare. Diakon og prest set saman grupper ut frå behovet til den einskilde. Ei gruppe møtast vanlegvis tre gonger. Tilbodet

	skal gjerast kjent i invitasjonsbrevet til helgemesse for nærmeste pårørande.
Tid for gjennomføring	Vi startar nye grupper kvart år når vi har minst to som ynskjer å møtast.
Tid for evaluering	Avtalt halvårleg samtale mellom diakon og prest.
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Frivillige med erfaring og kompetanse på sorg, diakon og prest.
Samarbeid med	Seljord eller anna nabosokn etter behov
Ansvarleg	Prostidiakonen

VERN OM SKAPARVERKET

Tiltak	Temagudsteneste skaparverkets dag/hausstakkefest
Målsetting	Vi vil skape større merksemd om glede ved og ansvaret for å ta vare på skaparverket sett ut frå Bibelens ord og vår lokale kontekst.
Tid for gjennomføring	Hausten
Tid for evaluering	Speidarmøte etter gudstenesta
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Kviteseid speidargruppe, prest, organist,
Samarbeid med	Kviteseid speidargruppe
Ansvarleg	Soknepresten

Tiltak	Pilegrimsvandring
Målsetting	Vandring med håp i eit samarbeid mellom prostidiakonen og psykisk helse i kommunane.
Tid for gjennomføring	September
Tid for evaluering	Årleg
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Prostidiakonen, diverse medhjelparar på vegen mot Røldal
Samarbeid med	Psykisk helse i alle Vest-Telemark-kommunane
Ansvarleg	Prostidiakonen

Tiltak	Mat til konfirmantar
Målsetting	Omsut for konfirmantane frå diakoniutval/kyrkjelyd Mat servert på Misjonshuset eller i kyrkja når konfirmantane kjem frå skulen.
Tid for gjennomføring	Før konfirmantundervisinga byrjar på torsdagar vår og haust
Tid for evaluering	Diakoniutvalsmøte
Ressursar	

(penger/lokaler/mennesker)	Diakoniutval/arbeidsgruppe, utgifter kan dekkast av soknerådet.
Samarbeid med	Prest
Ansvarleg	Leiar av diakoniutvalet

KAMP FOR RETTFERD

Tiltak	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Målsetting	<p>Evangeliet i handling ved å vise global solidaritet, gje støtte til kamp mot urettferd og fattigdom.</p> <p>Prosjekt i Etiopia: Støtte bibelomsetjing til minoritetsspråk, styrke folkegruppe og lokale kyrkjer ved å gje dei skriftspråk og leseopplæring på morsmålet.</p> <p>Prosjekt i Nepal: Styrke helsetilbod og sykepleieutdanning knytta til Okhaldunga sjukehus , gje støtte til helsehjelp for fattige.</p>
Tid for gjennomføring	Prosjektperiode 2021-2024
Tid for evaluering	Undervegs og på slutten av prosjektperioden
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Ofringar til prosjekta, forbøn, kyrkjelydens jolebasar informasjon frå misjonsorganisasjonane og misjonærane. Informasjon i Kyrkjeblad.
Samarbeid med	Prosjektansvarlege i NLM og Normisjon
Ansvarleg	Sokneråd, prest, kyrkjeverge og misjonskontakt

Tiltak	Fasteaksjonen
Målsetting	Konfirmantar og sokneråd skal planlegge og gjennomføre ein lokal aksjon for Kirkens nødhjelp i fastetida til inntekt for reint vatn. Konfirmantane skal oppleve at deira innsats gjer ein skilnad for menneske andre stader i verda.
Tid for gjennomføring	Måndag før palmesundag
Tid for evaluering	Etter påske
Ressursar (penger/lokaler/mennesker)	Konfirmantar, konfirmantforeldre, sokneråd, kyrkjekontoret, sekretær, eventuelle andre frivillige i dei ulike bygdene.
Samarbeid med	Kirkens nødhjelp, prostidiakon om informasjon og stoff til VTB
Ansvarleg	Sokneråd i samarbeid med konfirmantprest og sekretær

Diakoniplanen er foreslått av diakoniutvalet

Vedtatt av soknerådet: 2. juni 2021